



Kinn kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Avslag på søknad om løyve til utfylling i sjø ved Nygårdstangen i Kinn kommune - varsel om pålegg om opplysningar og undersøkingar

Fylkesmannen avslår søknad frå Vågsøy kommune, no Kinn kommune, om løyve etter forureiningslova for utfylling av sprengstein i sjøen ved Nygårdstangen. Heimel for avslag er gjeve i forureiningslova § 11 fjerde ledd.

Tiltaket er igangsett utan godkjenning etter plan- og bygningslova og utan løyve etter forureiningslova. Fylkesmannen legg til grunn at Kinn kommune følgjer opp saka etter reglane i plan- og bygningslova om handtering av ulovlege tiltak. Fylkesmannen varslar pålegg om opplysningar og undersøkingar med heimel i forureiningslova §§ 49 og 51

Vi viser til søknad om løyve etter forureiningslova frå tidlegare Vågsøy kommune, no Kinn kommune ved eigedomsavdelinga datert 1. november 2019 og e-postar frå Kinn kommune ved byggesak og forureining datert 15. januar 2020 og 7. februar 2020.

Om saka

I søknaden blei det opplyst at Vågsøy kommune skulle utvide arealet ved Nygårdstangen til skuleformål. Utfylling av inntil 10 000 m³ sprengstein i sjø og 17 300 m³ på land over ca. 5 000 m² forureina sjøbotn skulle gje nytt areal som skulle nyttast til parkering for Måløy vidaregåande skule, Maritim avdeling. Utfyllinga skulle i følgje søknaden skje ved å først etablere ei ytre utfylling over opninga av vågen for å stenge og avgrense fare for spreiring av forureina sediment ut av området.

Sedimenta på sjøbotnen er undersøkt¹ og resultatane viste at sedimenta inneheld mykje finstoff og er forureina av to tungmetall i tilstandsklasse² III, PAH i tilstandsklasse IV og TBT i tilstandsklasse V. Konsulentane omtalar at tiltaket representerte risiko for spreiring av forureina sediment ved utfylling fordi dei inneheld ein stor del finstoff, og anbefalte tildekking med geotekstil, bruk av siltgardin og utfylling på fjæra sjø.

¹ "Miljøteknisk undersøkelse Måløy vidaregåande skule" WSP Norge AS 11. oktober 2019

² Tilstandsklasse III "moderat forureina", klasse IV "dårleg tilstand", klasse V "svært dårleg tilstand", jf. rettleiar M-608/2016 Miljødirektoratet. Grenseverdiar for klassifisering av vatn, sediment og biota"



Geoteknisk konsulent³ har vurdert at ei utfylling er teknisk utfordrande med fare for store setningar på grunn av det blaute laget med finstoff som er omtala som ei samansetning av torv, kvikkleire og silt. Konsulenten skisserer to ulike metodar for å sikre fyllinga, anten overfylling eller fjerning av blaute massar. Han skriv at metode for utfylling må detaljdimensjonast for å sikre ei stabil fylling.

I søknaden var det opplyst at utfyllinga var i samsvar med kommuneplanen for området og at søknad om byggjeløyve var sendt kommunen. Fylkesmannen sendte søknaden på høyring til Vågsøy kommune 4. november 2019 der vi bad kommunen ved planmynde stadfeste om det omsøkte tiltaket var i samsvar med godkjende planer etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen mottok ikkje uttale frå kommunen innan fristen 4. desember 2019. Fylkesmannen etterlyste svar 13. desember 2019 og 3. januar 2020 og fekk informasjon i e-postar vist til ovanfor, siste datert 7. februar 2020.

Ein nabo informerte i telefonsamtale 11. november 2019 Fylkesmannen om at utfylling var starta. Fylkesmannen ringte så kommunens kontaktperson for søknaden og formidla at dette var i strid med forureiningslova å starte på eit tiltak før løyve føreligg og bad om informasjon. Den 12. november 2020 fekk Fylkesmannen eit kart som viste at den ytre fyllinga nesten var slutført.

Ifølgje informasjon frå Kinn kommune avdeling byggesak og forureining vart utfyllinga starta første veka i november og avslutta 15. januar 2020. Det skal være fylt ut ca. 14 000 m³ massar. Kommunen har ikkje gjeve løyve til tiltaket etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Vestland, kommunalavdelinga, vart kontakta i august 2019, av konsulent som arbeidde for Vågsøy kommune med spørsmål om geoteknisk prøvetaking av utfyllingsområdet. Fylkesmannen skreiv i e-post 22. august 2019, med kopi til Vågsøy kommune, at ei utfylling kravde utarbeiding av reguleringsplan og viste til konflikt med strandsonevern og ei registrert ålegraseng i området.

Fylkesmannens vurdering

Utfylling i sjø på forureina sjøbotn krev løyve etter forureiningslova § 11 og Fylkesmannen har mynde til å ta avgjerder.

Forureiningslova § 11 fjerde ledd, seier at forureiningsmynde ikkje kan gje løyve etter forureiningslova dersom tiltaket er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova med mindre kommunens planmynde har gjeve samtykkje. I denne saka bekreftar Kinn kommune at det begynte tiltaket ikkje er godkjend etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen avslår difor søknad om løyve med heimel i forureiningslova § 11 fjerde ledd.

Utfyllinga er eit ulovleg tiltak etter plan- og bygningslova sidan det ikkje er gjeve løyve. Fylkesmannen visar til plan- og bygningslova § 32-1 om kommunen si plikt til å forfølge ulovlege tiltak og legg til grunn at kommunen følgjer opp saka etter reglane i kapittel 32 i lova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve, inkludert avslag. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Gebyret skal dekke den tidsbruken Fylkesmannen har med arbeidet. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 6 , jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda skal betale 33 300 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

³ "Måløy vidaregåande skule – geoteknisk data- og vurderingsrapport" ERA Geo 8. oktober 2019



Rett til å klage

De har fått avslag på søknad om utfylling i sjø. Dersom det skulle vere noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skrifteleg grunna, og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Varsel om pålegg om undersøkingar og opplysningar

Det er utført ei utfylling i sjø av ca. 14 000 m³ massar på forureina og geoteknisk ustabil sjøbotn utan løyve etter forureiningslova. Dette er eit brot på forureiningslova § 7. Fylkesmannen vil følgje opp saka vidare etter forureiningslova sine reglar. For å gjere det treng vi nærmare opplysningar i saka og varslar pålegg i medhald av forureiningslova §§ 49 og 51.

Miljøfagleg konsulent viste til risiko for spreining av forureina sediment og anbefalte avbøtande tiltak som fylling på fjære sjø, bruk av geotekstil og siltgardin.

- Kva avbøtande tiltak blei nytta av utførande entreprenør under utfyllinga frå november 2019 til midten av januar 2020?

Geoteknisk konsulent viste til risiko for utfylling på ustabil sjøbotn og anbefalte detaljdimensjonering av metoden som blei valt.

- Fylkesmannen treng opplysningar om det blei gjort ei detaljdimensjonering av utfyllinga av geoteknisk fagekspertise og me treng ei geoteknisk vurdering av utfyllinga der ho ligg i dag, særleg gjeld dette eventuell fare for grunnbrot.

Fylkesmannen treng ei karakterisering av dei massane som er fylt ut i sjøen.

- Kvar er massane henta frå, inneheld massane finstoff og ev. skytestreng av plast mm som kan medføre fare for forureining?

Fylkesmannen treng opplysningar om sjølve konstruksjonen og gjennomstrøyming av sjøvatn.

- Er det ei samanhengande fylling eller er det opningar i form av røyr mellom innsida og utsida av fyllinga.

Kommunen var kjend med at det ligg ei ålegraseng på ca. 9 000 m² delvis i og utanfor utfyllingsområde. Ålegras er ein viktig marin naturtype og ålegrassamfunnet ved Nygårdstangen er karakterisert som lokalt viktig i Naturbase.

- Med bakgrunn i opplysningar om fare for spreining av forureina sediment så treng Fylkesmannen ei undersøking av eventuell påverknad av ålegrasenga som følgje av utfyllinga som er utført.

Kommunen kan kome med merknader til varsel om pålegg om opplysningar og undersøkingar innan tre veker, seinast 9. mars 2020.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Bergens Sjøfartsmuseum
Fiskeridirektoratet